



Nissedal kommune
Eining for kultur



Det Kongelige Kulturdepartement
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
	2010/1023-1	Anne Margrete Espelid, 35048494 anne.espelid@nissedal.kommune.no	453	22.06.2010

Høyringsuttale til forslag om endring av lov om folkebibliotek.

Forslag til lovendring kapittel IV § 13. Statlege bibliotekoppgåver stiller Nissedal kommune seg positive til.

Når det er snakk om endring av Lov om folkebibliotek Jfr. Lov 29. mai 1987 nr 23 ynskjer Nissedal kommune å sette fokus på kapittel II § 5.

Nissedal folkebibliotek er eit lite bibliotek med ein tilsett biblioteksjef i 40% stilling. Det er svært vanskeleg å rekruttere til denne stillinga fordi stillingsprosenten er så liten.

Det er ikkje berre i denne kommunen dette problemet er å sjå og det vert brukt masse ressursar på å lyse ut og tilsette mellombels.

Ein måte å løyse dette problemet på, kunne vere ei endring av § 5 i lova og opne for at 2 små kommunar kan samarbeide om ein felles biblioteksjef. At då til dømes Nissedal kunne bli ein filial under ein annan kommune som har utdanna biblioteksjef tilsett og at filialen ikkje har krav om utdanna bibliotekar.

Med helsing

Anne Margrete Espelid
Einingsleiar for kultur

for Sverre Sæter
Rådmann